

1814 i Jostedalen: val til riksfor-samlinga og «uordener» i Kroken

Tekst: Oddmund L. Hoel



Kyrkja og det gamle tunet i Prestegarden fotografert av Knud Knudsen kring 1900 (utsnitt). Hovudbygningen i prestegarden vart bygd kring 1840 og den brune kyrkja vart måla kvit kring 1860, men elles må det ha sett slik ut i 1814 òg. (Universitetsbiblioteket i Bergen)

200-årsjubileet for Grunnlova og det nasjonale sjølvstendet har vore feira etter alle kunstens reglar gjennom året. Soga om 1814 vil med god grunn ofte bli soga om Eidsvoll, Grunnlova, stor-politikk og dei store menn. Men hendingane i 1814 skjedde òg på lokalplan ved at alle prestegjeld fekk melding om å delta i valet til ei grunnlovgjevande forsamling. Dermed vart allmugen direkte involvert i hendingane, og her skal me sjå korleis dette arta seg i

det vesle prestegjeldet Jostedalen. Det er ikkje all verda me veit om hendingane i Jostedalen i 1814, for kjeldetilfanget er svært sparsamt, men noko kan me tyne ut av dokumenta, og litt meir kan me tenkje oss til ut frå korleis det var andre stader.

STORE NYHENDE NÅR JOSTEDALEN

Det fyrste me kan spørje oss om, er når jostedølene fekk vite om dei store hendingane.

Napoleonskrigane på kontinentet gjekk mot slutten hausten 1813 med Danmark-Noreg på den tapande sida i lag med Napoleon. På den sigrande sida var mellom anna Sverige. Etter det militære nederlaget vart danskekongen Fredrik 6. tvinga til å avstå Noreg til den svenske kongen Karl Johan under det me kjänner som Kielfreden 14. januar 1814.

Under leiing av kronprins Kristian Fredrik, som styrté det isolerte

Noreg på vegne av kongen, organiserte så ei gruppe framståande embetsmenn og borgarar i Noreg eit opprør mot Kielfreden. Eit stormannsmøte på Eidsvoll 16. februar avgjorde å kalle inn til ei representativ forsamling same stad 10. april som skulle utforme ein konstitusjon og avgjere den framtidige styreforma til landet. Etter møtet sende regent Kristian Fredrik ut kunngjeringar om det som hadde hendt. Hovudsaka var at det skulle haldast ein bededag i alle prestegjeld den fyrste fredagen etter at brevet kom fram, og her skulle det veljast to representantar frå kvart prestegjeld som skulle møtast for å velje tre representantar frå kvart fylke til riksforsamlinga.

Kunngjeringane frå regenten gjekk ut frå Kristiania 19. februar 1814 og følgde tenesteveg. Dei snigla seg fram postvegen over Filefjell til Lærdal, Aurland og vidare til biskopen i Bergen, som 5. mars sende breva vidare til prostane med påskrifta «in cito express». Prost Anders Daae på Leikanger ekspederte sendinga vidare til prestane. Soknepresten på Hafslø fekk brevet 10. mars og noterte seg at det var ein «mærkelig Skrivelse», og då kan me tippe at breva kom til sokneprest Holger Halling Schjødt i Jostedal prestegard 11. eller 12. mars, tre veker etter at dei gjekk frå Kristiania. Då hadde nok ryktet om hendingane gått i førevegen utan at me har kjelder som stadtferter det.

TOK BØNDENE STYRINGA OVER VALET?


Schjødt gjorde slik han var pålagd i brevet: han kunngjorde under gudstenesta sundag 13. mars at kyrkjelyden skulle møte til ein bededag i kyrkja fredag 18. mars. Alle andre prestegjeld i fylket heldt bededag denne dagen bortsett frå Eivindvik (Gulen) nærmest Bergen som rakk det ei veke før. Under bededagen skulle presten orientere om den politiske situasjonen. Deretter skulle kyrkjelyden oppmodast om å avlegge følgjande eid: «Sværge I, at hævde Norges Selvstændighed, og at vove Liv og Blod for det elskede Fædreneland?» Med «opløftede Fingre» skulle det høgtidsamt svarast: «Det sværge vi, saa sandt hjelpe os Gud og hans hellige Ord». Deretter skulle det veljast to menn frå prestegjeldet som skulle møte på fylkesmøtet i Vik alt 30. mars der dei tre eidsvollsmennene frå fylket skulle veljast. I kyrkjene skulle det setjast opp eit dokument som stadfeste at eiden var avlagt og kven som vart valde.

Dette dokumentet fortel oss kven som vart valde til møtet i Vik: Tøger Larsen Kronen og Rasmus Larsen Faaberg. Dei var brør, dei var både i slutten av 30-åra, og dei var av godt folk. Faren var Lars Tøgersen Snøtun, som var lensmann i Jostedalen i ein mannsalder sist på 1700-talet. Han dreiv Kruna, som sonen Tøger tok over, medan den yngre sonen Rasmus

gifte seg til Nedre Fåberg. Det var dei to brørne som etter soga kappast om å byggje tyngste huset, og Rasmus vann med steinstova framfor Tøger med Krunestova.

Rasmus og Tøger vart altså valde, men i tillegg til presten skulle tolv menn skrive under fullmakta frå bededagen og valet 18. mars. Her finn me underskriftene til sokneprest Schjødt, klokkaren Johannes Bjørk, Sjur Breum (Bruheim) som hadde eit framståande verv som forlikskommisær, og dessutan Tøger og Rasmus. Alle dei nemnde skrev under sjølve, me må såleis rekne med at dei kunne å skrive. I tillegg skreiv åtte bønder under med påhalden penn: Hans Heljegarden, John Snøtun, Erik Kjervik, Erik Åsen, Ole Mjølver, Claus Elvekrok, Peder Snøtun og Knut Kjervik. Ein grunn til at Rasmus og Tøger vart valde, var nok nettopp at dei var skrive- og lesekyndige.

Det er ingen spor i kjeldene av strid eller usemje kring valet i Jostedalen 18. mars 1814. Likevel er det noko merkeleg ved det. Både presten, klokkaren og forlikskommisær Breum stod framfor dei to brørne i rang. Retningslinene frå regenten sa at av dei to valde skulle minst éin vere bonde. Dette vart i mest alle prestegjeld i Sogn tolka slik at den andre utsendingen var ein prest eller øvrighetsperson, men ikkje i Jostedalen. Og heller ikkje prestens to næreste menn i



«Fogden Endresen mødte og, i Anledning af en hand fra Præsten Hr. Schjødt til Jystedahlen indløben Klage af 28 Des. forrige Aar, betrefende nogle af Hans Olsen Nedrelie, Claus Elvekrog, Tøger Larsen Kronen, Rasmus Larsen Faaberg, Anders Andersen Haugen, Anders Ottesen Grov og Anders Andersen Præstegaarden begaaede Uorordner, [...]» – slik opnar rettsreferatet i tingboka 15. juni 1814. (arkivverket.no)

bygda vart valde. Korleis kan dette ha seg?

EIN LYSTIG AUKSJON I KROKEN

Kanskje kan tingboka til soren-skrivaren gje oss litt av svaret. Sommartinget for Luster og Jostedalen kom saman i Dale 13. juni 1814, og onsdag 15. juni tok futen for Indre og Ytre Sogn, Rasmus Endresen, opp ei sak på grunnlag av ein klage han hadde fått 23. desember 1813. Sokneprest Holger Halling Schjødt i Jostedalen hadde stemna Hans Olsen Nedrelid, Claus Elvekrok, Tøger Larsen Kruna, Rasmus Larsen Fåberg, Anders Andersen Haugen, Anders Ottesen Grov og Anders Andersen Prestegarden på grunn av «begaaede Uorordner».

Kva slags «uordener» gald så dette? To vitne forklarte seg først. Det første var 64-åringen Anders Larsen Åsestølen, som kunne fortelje at han hadde vore i Kroken (Elvekrok) laurdag 11. desember (1813) med ein 20–30 andre. Det hadde vore auksjon, halden av lensmannsdrengen Hans Olsen Nedrelid. Nedrelid var òg ein god spelemann, så etter auksjonen hadde fleire bede han spele til dans, «hvilket han gjorde; hvor længe Hans Olsen spillede ud paa natten», visste Anders Åsestølen derimot ikkje. Men neppe lengre enn til 11–12 trudde han. Då han stod opp «i dagningen», var iallfall spelet over. Anders Åsestølen og alle andre som forklarte seg, kunne forsikre retten om at det var «ingen klander ved denne forsamling, saamegetmøre som der næppe var brendevin at faae, undtagen en og anden som havde taget lidt med for dermed at traktere sine venner, og paa denne maade fik deputanten [Anders Åsestølen] ogsaa et par drammer».


Åsestølen trudde «ikke at denne dristighed forhindrede folk fra

at gaae til kirke» dagen etter. Det som hadde fått Schjødt til å ta ut stemninga, var nok at mange ikkje møtte til gudstenesta, som var tredje sundag i advent. Anders Åsestølen hadde dessutan forstått det slik på presten at det ikkje skulle vere gudsteneste den dagen. Han hadde heller ikkje sett at Hans Olsen Nedrelid «fik penge for sit spil», og han sjølv hadde heller ikkje betalt han noko. Åsestølen møtte tydelegvis på gudstenesta – han hadde kanskje ombodet som prestens medhjelpar. For Schjødt var det likevel ikkje mykje støtte å finne i vitnemålet hans.

Det andre klagepunktet til presten var at dei seks anklaga heller ikkje hadde møtt i kyrkja to veker før, fyrste sundag i advent 1813. Derimot hadde dei vore heime hjå lensmannsdreng og spelemann Nedrelid same dagen. Dei forklarte

seg med at dei ikkje kunne gå i kyrkja fordi dei var på veg til Luster, til Jakob Talle sitt bryllaup. Når dei kom forbi Garden, vart dei bedne inn av kona til Hans, og Hans forklarte at «det er mueligt ... at [han sjølv] eller hans kone kan have trakteret disse folk med en dram eller to». Men kortspel var det ikkje, sa han. Her sprikjer rett nok forklaringane litt – Tøger Larsen vedgjekk at det vart spela litt kort før Hans Olsen bad dei slutte med det. Forklaringane frå alle involverte var elles godt samkøyrd. Det må òg nemnast at kona til Hans, Torborg, var syster til Rasmus Fåberg og Tøger Kruna.

Eit tredje klagepunkt frå presten var «Liigbegegnelsen» (likferda) til Knut Olsen Elvekrok som vart halden i Kroken 6. november 1813 – dette var farbroren til den anklaga Claus. Men Claus slo fast at her var



Fullmakta som vart sett opp og underskrive i Jostedal kyrkje 18. mars 1814. Ho viser at Rasmus Larsen Faaberg og Tøger Larsen Krone vart valde til utsendingar. (arkivverket.no)

«aldeles ingen uorden ... begaaet da de ikke havde andet drikke end brim, melk og vand».

Saka enda med at presten Schjødt bad om at saka vart utsett til hausttinget i 1814 slik det kunne kallast inn fleire vitne. Eg har ikkje funne noko meir, så det heile rann nok ut i sanden – presten eller futen har nok innsett at dei ikkje hadde noka sterk sak.

FRÅ UNDERSÄTTAR TIL MEDBORGARAR

Kva har så dette med vala i 1814 å gjere? Det kan me ikkje vite sikkert, men når to av dei seks anklaga er dei to som vart valde til utsendingar den 18. mars, er det ikkje urimeleg om dette var bøndene sin protest. Det er iallfall ingen tvil om at det var ein konflikt i Jostedalen på denne tida mellom presten og ei gruppe mektige bønder, og me merkar oss òg at lensmannsdrengen Hans Olsen Nedrelid var ein av deira allierte.

Holger Halling Schjødt kan ikkje ha hatt det så lett. Han var frå Danmark og kom til Jostedalen som 35-åring hausten 1812 og var prest her til 1820. Ein omtale av han i kallsboka til prestegjeldet som må ha vore skrive i 1830, fortel iallfall at minnet om han var så som så. Det heiter om Schjødt at han var «meget sygelig, og især i begyndelsen en meget opfarende mand, men tillige retskaffen og nidkjær for sit kald, hvorfor han var almindelig elsket». Etter berre eit drygt år i kallet prøvde han altså å setje på plass bøndene som ikkje møtte til gudsteneste, men så kom dei storpolitiske hendingane i 1814 imellom og kludra til det heile.

Denne episoden i seg sjølv skal me ikkje dra for langt, men det var mange slike episodar omkring i landet. I Luster prestegjeld var det

eit bondemiljø av ein heilt annan type som såg sitt snitt i 1814. Sidan 1801–02 hadde Luster var eit kjerneområde for predikanten Hans Nielsen Hauge på Vestlandet. Den sterkt kristelege Hauge-rørsla vart slegen ned av rettsvesenet etter 1807, men dei haugianske miljøa i Luster vart verande sterke, til stor uro og fortviling for sokneprest Edvard Qvale. Haugianarane var imot at prestane skulle ha monopol på forkynninga og var i røynda den fyrste politiske opposisjonsrørsla mot embetsmannsveldet. Ved stortingsvala hausten 1814 og på nyåret 1815 gjorde dei tidlegare rettsforfølgde haugianarane reint bord i valet i Luster. Ein av haugianarleiarane i Luster, lensmann Hans Urdahl, vart jamvel vald som eidsvollsman våren 1814, men var sjuk og kunne ikkje reise.

Som demokrati hadde det norske styresettet frå 1814 framleis store manglar. Men Grunnlova skapte over natta eit langt større rom for dei som ville gjere seg gjeldande, same kva motiva måtte vere. Bøndene var ikkje lenger undsättar under ein eineveldig konge med eit embetsverk som styrt gjennom direktiv ovanfrå, dei var brått medborgarar i Europas mest demokratiske stat. Heile 45 prosent av alle norske menn over 25 år fekk røysterett etter Grunnlova. Det var mange gonger meir enn alle andre land som hadde folkevalde parlament.

At bøndene fekk ei hand på rattet i statsstyringa i 1814, vil ikkje nødvendigvis seie at dei brukte denne retten. Men embetsmennene og eliten i samfunnet måtte no leve i vissa om at bøndene heilt lovleg kunne utøve stor politisk makt gjennom Stortinget og stortingsvala. Embetsmennene fekk mindre rom for å utøve den typen makt Schjødt prøvde på i desember 1813 då han ville setje jostedølene på plass.

KJELDER OG LITTERATUR

For ei grundigare framstilling, sjå artikkelen «Dei fyrste valmenn og røysteføre i Sogn med vekt på Jostedalen og Luster.» I Jens Johan Hyvik, m.fl. (red.), *Med påhalden penn? 1814 sett frå Nordvestlandet og Telemark* (s. 397–427), Novus Forlag, Oslo 2014.

På nettstaden til Jostedal historielag finst omtaler og avskrifter av dei viktigaste kjeldene:
 Kyrkjebok for Jostedal prestegjeld (1807–1837)
 Tingbok for Indre Sogn sorenskriveri (1814–1818)
 Kallsbok for Jostedal prestegjeld (ca 1830–)